


Øvingsoppgåve om gode beskjedar

Prøv først korleis det er å gi og få ein dårleg beskjed. 1 er den vaksne og 2 er barna. Den som er den vaksne, går inn i rolla under. «Barna» skal vere opptatt med sitt, men registrere korleis det kjennes når den vaksne gir beskjeden.



Den vaksne: Du skal få barna til å rydde leikene og legge dei i kassa. Du forventar at det bli vanskeleg, og du er i utgangspunktet litt sliten og irritert. Du held deg på litt avstand frå barna og startar å mase (gå gjerne litt inn i rolla):

«No må de rydde opp. Høyrer de meg? Det er straks mat og etterpå er det utetid, så no må alle leikene tilbake i kassa si. (Barna fortset å leike) Hallo begge to! Dette er ikkje greitt. No seier eg at det er ryddetid og da er det ryddetid. Her er kassa. Kom igjen og rydd. Når de får lov å leike med så mange leiker så må de faktisk rydde opp igjen også! Sjå da – alle dei andre ryddar og gjer det dei skal! No må de også vere flinke!»

Reflekter saman kort:

- Korleis kjennes det å gi og få ein slik type beskjed?

1	<ul style="list-style-type: none">• Sjekk og juster eigen tilstand.• Ha tru på at du får barnet til å samarbeide!
2	<ul style="list-style-type: none">• Oppnå kontakt med barnet.• Armlengd avstand og lik ansiktshøgde er fint.
3	<ul style="list-style-type: none">• Sjekk og juster barnet sin tilstand.• Er der følelsar eg bør bekrefte før beskjed?• Treng barnet hjelp til å kome inn i toleransevinduet sitt?
4	<ul style="list-style-type: none">• Gi beskjed med få, enkle ord, og mild vennleg stemme.• Beskjeden bør handle om kva barnet skal starte med, ikkje slutte med.• Legg til «...er du snill» til slutt.
5	<ul style="list-style-type: none">• Følg opp!• Bli verande med barnet til barnet følger beskjeden.• (Tel inni deg til 10 og gjenta på same måte ved behov)
6	<ul style="list-style-type: none">• Vis at du er fornøgd med barnet når barnet følgjer beskjeden!

Gå vidare og prøv denne versjonen: Situasjonen er den same, men denne gongen bestemmer du deg for at dette skal du få til. Og du sørger for at du har mild, vennleg stemme, og at du er nær nok barna til å få kontakt:

«No ser eg at de har hatt det veldig gøy i leiken. Det er bra 😊 No skal vi avslutte og leikene skal oppi kassa si. Her er kassa. Legg leikene oppi kassa er de snill.» (tel inni deg til 10). «Legg leikene oppi kassa er du snill.» (Tel eventuelt inni deg til 10 ein gong til om barna ikkje har begynt å rydde). «Skal vi gjere det i lag? Legg leikene i kassa sånn!» (Hjelp barna å få til). «Flott! Eg blir veldig glad når de ryddar sånn!»

(Eventuelt gi ros til det av barna som ryddar først, utan å vise det andre barnet at du er misfornøgd med at det ikkje har starta å rydde enda. Gi det andre barnet lyst til å vere like flink for å oppnå tilsvarande god tilbakemelding, og gi det med ein gong barnet viser teikn til å gjere det det skal).

Reflekter saman kort:

- Korleis kjennes det å gi og få ein slik type beskjed?